



Eivind Gardshol Bjørndal
Nedre Kirkebirkeland 18 A
5227 NESTTUN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2446 - 15/16730

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

09.09.2015

GBNR 57/26 - Førespurnad om mogleg søknadspliktig tiltak

Kommunen har fått opplysningar om at det på dykkar eigedom skal vere utført terrengingrep – vegtiltak – ved framføring av veg til fritidsbustad på gbnr 57/26.

Kommunen retter denne førespurnaden til dykk som matrikkelregistrerte grunneigarar av eigedomen. Føremålet er å avklare om tiltaket som er utført er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og om dette i så fall er utført ulovleg, jf plan- og bygningslova kap 32.

Alle byggjetiltak er avhengig av godkjent søknad om byggjeløyve med heimel i pbl. kap. 20, med mindre slik søknadsplikt er spesifikt unntatt gjennom pbl. §§ 20-3 eller 20-4. Byggjetiltak må uansett vere i samsvar med kommunen sine arealplanar, dersom det ikkje er gitt dispensasjon.

Det aktuelle området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF-område, der det som utgangspunkt gjeld forbod mot alle tiltak som ikkje er innanfor landbruksomgrepet. Tiltak som elles ikkje ville vore søknadspliktige etter pbl kap 20, vil uansett kunne krevje dispensasjon før dei lovleg kan gjennomførast.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova, men ber i fyste omgang om utgreiing om tilhøvet. Kommunen ber om at følgjande punkt vert særskilt opplyst:

- Har grunneigar/tiltakshavar vurdert tiltaket opp mot plangrunnlag, eventuell trong for dispensasjon og/eller søknadsplikt etter plan- og bygningslova?
- Nærare opplysningar om omfanget av tiltaket
- Andre relevante opplysningar grunneigar/tiltakshavar måtte ha om tiltaket

Frist for skriftlig utgreiing er 30.9.2015.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dersom det er utført byggjetiltak i strid med føresegner gitt i eller i medhald av pbl. har kommunen rett og plikt til å følge dette opp, jf. pbl. 31-2. Om handsaming av ulovlege byggjetiltak vert det vist til reglane om oppfølging av ulovlege byggjetiltak i pbl. kap. 32. Det må påreknast at kommunen vil gjennomføre synfaring i saka.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2446.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Eivind Gardshol Bjørndal	Nedre Kirkebirkeland 18 A	5227	NESTTUN
Hallvard G Bjørndal	Kvartsvegen 15	5516	HAUGESUND
Torgeir Gardshol Bjørndal	Skivebakken 10	5018	BERGEN